










# Månadsplan på Gangar for april



## Tema: vår og nytt liv

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
3	4	5 <i>Vi tek påskeferie Barnehagen er stengt</i>	6 <i>Skjærtorsdag</i>	7 <i>Langfredag</i>
10 <i>2 påskedag</i>	11 Divisi gruppe	12 Risle Rasle Gruppe  Vi lagar mat	13 Snipp snapp Snute gruppe  	14 Kropp og hopp gruppe  
17 Formingsgruppe  	18 Divisi gruppe	19 Vi feirer bursdag  	20 Snipp snapp Snute gruppe  	21 Kropp og hopp gruppe  
24 Vi feirer bursdag  	25 Divisi gruppe	26 Risle Rasle Gruppe  Vi lagar mat	27 Snipp snapp Snute gruppe  	28 Kropp og hopp gruppe  

*Ein skapande musisk møteplass*

*Vi har forming og barna sit med kvar sin limstift, eit ark og nokre bitar som skal limast på. Vi har laga eit utgangspunkt for kva vi kan lage, men i prosessen kan alt bli til og vi har ingen fasit. Eit barn har limt på den gule kyllingkroppen. Så får barnet to kvite runde små lapper som skal limast på. Dette er i mitt hovud augekviten. Barnet plasserer auga akkurat der ho vil at dei skal vere. Så er det pupillen som skal på. I mitt hovud skal dei sjølvstekt vere innanfor augekviten. Men slik var det ikkje i det lille barnet sitt hovud. Barnet klistrer den eine svarte prikken på den gule kyllingkroppen. Barnet ser på kunstverket sitt og smiler. « Nase», seier ho. Eg ser at ho er veldig fornøgd. No har ho to augekviter på kroppen og ein pupill på magen, i følgje mitt hovud. Barnet plasserer den neste pupillen om lag ved sida av den første. Ho smiler opp og utbryter entusiastisk « auge!» og klappar med hendene sine.*

Det er spennande å vere i dei ulike prosessane med barn. Det å vere open for at ting ikkje vert som vi hadde tenkt og la barna få lede an, er både lærerikt for barna og hos oss personalet. Det er så fint å sitte saman med ei gruppe barn i ein formingsaktivitet der ingen produkt blir heilt like. Det er eit mangfald i produktet, på same måte som vi menneske er ulike. Det er viktig at barna får kjenne på det - du skaper ditt eige uavhengig av korleis sidemannen din gjer det. Etterpå viser barna stolt fram kyllingane sine til dei andre barna: « dette er min kylling og den ser slik ut».

I mars fekk vi erfare at det faktisk er ein vintermånad: snø, is, sludd og regn. Herleg for nokon og mindre kjekt for andre. Uavhengig av det ønskjer vi i alle fall våren hjarteleg velkommen no i april. Fuglane er begynt å livne til igjen, det er blitt lysare ute og sola kikkar fram av og til. Knoppene på trea sprengt ut og til no har vi sett at snøklukkene har dukka opp. Vi fortset å ha nytt liv som tema i den første vårmånaden vår og håpar på å sjå fleire levande vesen dukke opp både her og der. Vi veit at det vil vere ei rugemaskin på folkehøgskulen som vi vil besøke og følgje med på prosessen der. Tenk om det kjem levande kyllingar ut av egg! Og plutselig er det små lam som hoppar på beitet. Vi gler oss allereie.

#### **Songar i april:**

Limu limu lime

No brusar bekk

Alle fuglar

Eg gjekk ein tur på stien

Lille måltrost

Ta kontakt om det er noko; smått og stort!

Med venleg helsing Eili, Helena, Jola, Margot, Anne og Kristin